



Årsmelding 2023

Fagforbundet Sogndal avdeling 547



Bubiltur i samband med kommune -og fylkestingsvalet 2023



Styret 2023:

Leiar	Frode Aas
Nestleiar	Keyty Planeta
Opplæringsansvarlig	Anne Elisabeth Lunde
Fane 2	Svein Harald Hovland
Kasserer	Bente Kristin Sæhl
Sekretær	Merethe Trettenes
Pensjonistlitsvalt	Marit Iren Mundal (frå November 23)
HTV KS	Siv Laila Eriksen
HTV KS	Anne Elisabeth Lunde
Leiar seksjon helse og sosial (YHS)	Siv Anett N. Skartun
Vara seksjon helse og sosial (YHS)	-
Leiar seksjon kyrkje, kultur og oppvekst (YKKO)	Christoffer M Skjæret
Vara seksjon kyrkje, kultur og oppvekst (YKKO)	-
Leiar seksjon samferdsel og teknisk (YST)	Jarle Andersen
Vara seksjon samferdsel og teknisk (YST)	Kenneth Stigen
Leiar seksjon kontor og administrasjon (YKA)	-
Vara seksjon kontor og administrasjon (YKA)	-
Ungdomstillitsvalt	-
Styremedlem	-
Revisor	Knut Navarsete
Revisor	Bjørg Perny Heggheim

Valnemnd

Jarle Andersen
Kenneth Stigen
Solfrid B. Dyrdal
Keyty Planeta

Representasjonar:

Representantskapsmøte Fagforbundet Vestland (3 delegatar)

Representant	Frode Aas
Representant	Keyty Planeta
Representant	Siv Laila Eriksen
1. vara	Anne Elisabeth Lunde
2. Vara	Christoffer M. Skjæret
3. vara	Kenneth Stigen

Forhandlingsutval KS

Representant Leiar	Frode Aas
Representant	Siv Laila Eriksen
Representant	Anne Elisabeth Lunde

LO Sogndal og Omegn

Representant	Keyty Planeta
--------------	---------------

Koordineringsledd for Bufetat

Region Vest	Frode Aas
-------------	-----------

Koordineringsledd for fylkeskommunale medlemmar

Representant	Frode Aas
--------------	-----------

Fagforbundet Vestland

Styremedlem YKKO	Siv Laila Eriksen
------------------	-------------------

Medlemsinformasjon:

Avdeling 547 har pr.31.12.2023 totalt 855 medlemmar

- 488 Yrkesaktive
- 246 pensjonistar og uføre
- 88 studentar/elev medlemmar
- 20 lærlingar
- 13 andre (permisjon u/lønn, arbeidsavklaring osv.)

Avdeling 547 har i 2023 fått 68 nye medlemmar

- 40 nytilmeldt
- 14 overført frå anna avdeling i Fagforbundet
- 4 overført frå anna LO forbund
- 10 har meldt seg inn att etter å ha vore utmeldt

Avdeling 547 har i 2023 «mista» 41 medlemmar

- 27 har meldt seg ut
- 2 overført til andre LO forbund
- 9 er sletta grunna manglande kontigentbetaling av Fagforbundet
- 3 medlemmar er død

Møteverksemd

Styret har hatt 6 styremøter sidan 01.februar 2023

Styret har handsama 62 saker.

Delteke på region-representantskapsmøte vår og haust

Høgdepunkt 2023

- Opplæring av nye tillitsvalte
- Medlemsmøte Sogndal hotell «turnus og lønnslipp»
- Utdeling av 2500 refleksar på refleksdagen 19.oktober, i samarbeid med LO
- Delteke på Faglegpolitisk kurs og vært på Utøya
- Markert Fagforbundsveka
- Bruk Stemmeretten «Bubiltur» stand
- Arbeidsplassbesøk
- Medlemsmøte KLP Pensjon med Anders Austrheim
- MED arrangør for SOFO Pride i Sogndal
- Arrangert grillkveld for alle tillitsvalte (Avlyst)
- Juleavslutning med julebuffé for alle tillitsvalte
- Tømt «gamle lageret» på Solhov
- Årets reinholdar 2023 region Vestland (Paulina)

Årsmelding Leiar



(frå årsmøte januar 2023,innvalt som leiar)

Det å vera leiar for Fagforbundet i Sogndal har vore eit kjekt og innhaldsrikt verv, med mange oppgåver og gjeremål.

Å vera leiar krev dagleg oppfølging og gjeremål, da arbeidsoppgåvene er mange og til tider krevjande. Som leiar har eg det daglege ansvaret for drifta, og det overordna økonomiansvaret i foreininga, mellom styremøta. Eg har og ansvaret for å sikre at styret har

rutinar og planer for alle områder. I året som har gått har me fått gjort mykje, sjølv med manglande besetning av verv i styret. Det har vore jobba ein god del med å få verva besette, noko som kan vise seg å vera utfordrande. Dette arbeide skal me og fortsetje med i 2024. Som leiar har eg delteke, kalla inn og laga sakliste i forkant av styremøta. Eg har og vore delaktige på dei fleste høgdepunkta i 2023.

Det har vært et arbeidsamt år med mange og kjekke utfordringar, og eg gleder meg for å ta fatt på 2024, og fortsette det gode arbeide som vert gjort blant alle i styret.

Eg vil senda ei stor takk til styret for det gode samarbeide i året som har gått, samt ein ekstra stor takk til dei Hovudtillitsvalte, som dagleg jobbar for medlemmane våre ute på ein framifrå god og trygg måte.

Noko av det eg har bidrege med i året :

- Verva nye medlemmer
- «lokka» til oss pensjonisttillitsvalt
- Delteke på fagleg politisk kurs, og vert på Utøya
- Repskapsmøte vår og haust
- Leiarsamling i Bergen
- Delteke på møte for leiera i indre Sogn region
- Rydda Solhov lageret
- Rydda i faktura utsendingar/e-post og adresse (krevjande)
- Lært meg litt å bruke hjemmesida
- Kassererkurs i Bergen
- Innsending til Brønnøysund
- Medlemsmøte «lønnslipp og turnus»
- Lokale forhandlingar kap 3-5 KS
- Sikkert mykje meir om ein tenkjer seg godt om 😊

Frode. 😊

Årsmelding Nestleiar:

2023 var spennande, lærerik og travelt år!

Har hatt godt samarbeid med styret og fekk stor støtte frå dei i valkamp-perioden!

Hadde ikkje klart å vere kommunestyrerepresentant uten den støtten eg fekk frå

dykk og ikkje minst tilliten! Tusen tusen takk til flotte styret ❤️

Av ting eg har gjennomført/deltatt på som nestleiar i 2023:



- Skuleinformatør kurs for tillitsvalde i Fagforbundet (deltok som kursholdar)
- Fagforbundet Ung: Leiar og nestleiar samling på Gardermoen
- Årsmøte til Lo i Sogndal og omland, representant frå Fagforbundet.
- Medlemspleie/telefonsamtalar
- Fagforbundet Ung Vestland konferanse : ungdomstillitsvalde i heile flyke (arrangert og vert me på teams)
- Fagforbundet ung sin Sommarfestival på Sundvollen og Utøya.
- Stand med bobil til Fagforbundet Vestland -Valkamp!
- Delteke på KLP Pensjon medlemsmøte
- Delteke på foredrag med Alexander Bommen tema: Vold og truslar i skule og barnehagen “vår kvardag”
- Representert Fagforbundet Sogndal ved å arrangere og delteke på Første Pride i Sogndal!
- Delteke på tariffkonferanse i Bergen
- Arrangert ungdomskveld på Quality Hotell Sogndal

Keyty 😊

Årsmelding HTV 60% frikjøp KS:

Som HTV har eg deltatt på fleire samlingar på teams, vært på representantskap i Bergen 28 og 29 mars, representantskapsmøte / Tariffkonferanse 18 – 19 oktober 2023.

Utanom dette går det for det meste i turnusar og turnusavtaler.

Som opplæringsansvarleg har eg stort sett vidaresendt det eg har fått tilsendt av kurs og diverse til medlemmer og tillitsvalte.

Anne Elisabeth Lunde 😊

Årsmelding Leiar YHS:


Året starta roleg etter årsmøtet. Er så heldig å ha blitt spurt om å sitje i ei faggruppe for helsefagarbeidarar frå heile Vestland, og vart i den samanheng invitert til Verdigheitskonferansen som denne gangen vart arrangert i Tromsø. Kan informere om at når ein reiser innanlands er det ikkje naudsynt med pass, noko unge lovande underteikna fekk humoristisk erfare.

Ellers var det ein veldig interessant konferanse med mange foredrag om alt frå velferdsteknologi, demensbyar til samhandling mellom dei ulike yrkesgruppene for å gjere det beste for pasienten.



Før sumarferien kicka inn arrangerte eg medlemsmøte om forståing av lønsslipp og turnus, eit møte som vekka interesse blant dei oppmøtte og noko eg tek med meg

viare inn i nytt år med å prøve å arrangere årleg. Hausten gikk med til bla samlingar, konferansar, stand og besøk på arbeidsplassar med tanke på valet som var.



Med meg inn i det nye året skal eg vere med på Storefjellkonferansen, arrangere medlemsmøte og eg er blitt bedt om å sitte i i ei arbeidsgruppe som skal jobbe med å arrangere NM i helsearbeidarfaget i Førde dette året. Masse spennande og lærerikt som skjer, eg gledar meg!

Siv Anett 😊

Årsmelding Leiar YST:

I mars deltok eg på seksjonskonferanse på Flesland. Eit av tema der var oppretting av seksjonsstyre. Dette er ikkje enkelt å få til.

I november fekk eg ein kjekk telefon frå leiaren i SST Vestland om at Paulina Szlosarczyk hadde vorte kåra til årets reinhaldar i Vestland. Dette vart markert på reinhaldarens dag i Tinghuset på Leikanger med pizza og kake. Der var leiaren i SST Vestland Terje Steine Mjøs og Sogn Avis til stades, saman med dei andre reinhaldarane i Leikanger. Leiaren i Fagforbundet Sogndal Frode Aas og hovudtillitsvalt Siv Laila Eriksen var også til stades.

Årsmelding Leiar pensjonistutval:

Vart valt inn som leiar for utvalet den 16.oktober etter å ha blitt førespurt av leiar Frode.

Har delteke på pensjonist samling i Bergen den 30.oktober og 1.november 2023
Mange føredrag. Blant anna frå Erlend Eliassen som førelas om Berekraftig matomsorg.

Var og med under juleavslutninga på Sogndal Hotell.

Marit Iren 😊

Årsmelding HTV 100% frikjøp KS

Dette året, som tidlegare år ble hektisk. Ett samfunn som stadig er i endring, og tempoet aukar ser vi at utfordringane blir større. På lik linje som resten av landet merker også Sogndal mangel på arbeidskraft. En del av dei største utfordringar vi står overfor er mangel på kompetanse, og hender til å ivareta tjeneste tilbudet til innbyggerne våre. Man må tenke nytt, samtidig som vi skal holde oss innan for lov og avtaleverket. Det kan gje oss små og store utfordringar i ein travel kvardag. For ansatte og leiarar.

2023 Bar preg av arbeid i ulike prosjekt/avtaler/kurs/møter/saker

Tillitsreformen

Tørnprosjektet

Rekrutterings prosjekt

Nattevaktprosjekt

Saften

Digitalisering

Vaktavtale brøyting

Vaktavtale vann og avløp

Vaktavtale IKT

Veiledning

Arbeidsrett

Forvaltningsrett

Tilsettinger

Leiarsamlinger

Partssamarbeid

NAV-arbeidsmiljø



*Representanskapet i Fagforbundet Vestland
Personalsaker (små og store)*

Dette er noko av det eg har vert med på, samtidig så er det nye prosjekt og endringar på gong.

Vi greide endelig å lande klesgodtgjersle i bu og Miljø, rus/psykiatri.

Funksjonstillegg for å ha lærlinger er kr 1800,- pr år. Blir delt opp etter kor mange mnd ein har lærling.

Vi arbeider aktivt heile tiden med partssamarbeidet, månedlige møter mellom leiar/verneombud/tillitsvalgte. Noen plasser fungerer det veldig godt. Andre plasser mindre godt.

Ellers bistår vi medlemmer i små og store saker.

Siv Laila 😊

Årsmelding Leiar YSKKO

Deltatt på fase 1 kurs februar.

Deltatt på fylkesmøte i Bergen i mars.

Deltatt på fylkesseksjonskonferansen Bergen i april.

Arrangert foredrag i samarbeid med Fagforbundet Luster.

Christoffer M. 😊

Årsmelding Sekretær:

Mitt bidrag i styre har vore å skrive referat på styremøter.

Eg har også vore med på å arrangere julemiddag for styre og tillitsvalgte.

Eg var også ansvarleg for julehelsing ut til medlemmane og hadde dialog med Sogndal kulturhus for å få det til.

Merethe 😊

😊 Årsmelding Slutt ! 😊